



Foreldremøte 10.trinn 15.09.26

Agenda:

- Sterk og klar
- Eksamen
- Klagerett
- Utdanningsval
- Vidaregåande skule
- Informasjon
- Olweus
- Samling i klassane



Me vil gi elevane lyst på livet
og evna til å meistra det!



«Vi» er et lite, men vakkert og romslig ord. For vi, det favner oss alle. Det er det motsatte av oss og dem. Det motsatte av å sette hverandre i bås.

Kong Haralds nyttårstale 2023

Foto: Ola Vatn, Det kongelige hoff



Norge skal fortsette å være romslig og raust, og gjerne i økende grad. Norge skal være et land med mange lokalmiljøer der mennesker opplever tilhørighet og aksept for den de er.

Slike fellesskap bygges ikke på slottet, men ute i de mange kriker og kroker, bygder og byer som kong Harald og dronning Sonja besøkte gjennom en lang kongsgjerning.

Sterk og klar

tysdag 6.januar kl.18.00 - 19.30



[Om Sterk og klar-treffa](#)

Eksamen våren 2027

Alle elevar i grunnskulen skal som utgangspunkt opp i to eksamenar

- Skriftleg eksamen: matte, norsk eller engelsk
- Munnleg eller munnleg/praktisk eksamen: norsk, engelsk, språk, krle, samfunnsfag, arbeidslivsfag, matte, naturfag

Trekk skriftleg eksamen: 13.mai

- 19.mai: norsk hovudmål
- 20.mai: norsk sidemål
- 21.mai: matematikk
- 24.mai: engelsk

Munnleg eksamen blir truleg i veke 24



Tilrettelegging skriftleg eksamen

- **Utvida tid (inntil 1 time)**

Elevar kan søka om utvida tid på skriftleg eksamen pga t.d kraftig pollen-allergi, diabetes og dersom eleven har dysleksi. Her blir det krevd legeerklæring, stadfesting på dysleksidiagnose eller sakkyndig vurdering frå PPT.

- **Bruk av LingDys**

- Nytt dette året er at eksamen skal gjennomførast i ein sikker nettlesar. Men dei som nyttar LingDys som hjelpemiddel får ikkje tilgang til det der, og må difor søke om å få bruke det som tilrettelegging på eksamen. Dei får sjølv sagt søknaden innvilga, men det må foreligge eit vedtak for at det skal vere lovleg. Alle kan lytte til eksamensoppgåvene og låner headset av skulen.

- Elevar med spesielle behov kan søka om tilrettelegging i samband med eksamen, men ikkje slik at kompetansemåla ikkje blir målt.

- Søknad skal sendast til rektor på e-post.

Iselin.gjaere.lothe@time.kommune.no



Fritak frå vurdering og eksamen

- Elevar som har fritak frå vurdering i fag, har også fritak frå eksamen i faget.

Gjeld dei som har vedtak om individuelt tilrettelagt opplæring i det aktuelle faget og ikkje har måloppnåelse for sitt trinn

Søknad på eige skjema skal sendast til rektor.

- Opplæringsforskrifta § 9-21: Elevar har rett til fritak frå vurdering med karakter i det skriftspråket dei har som sidemål, dersom eitt av desse vilkåra er oppfylt:
 - Dei har vanskar med å lære både bokmål og nynorsk på grunn av dokumentert sjukdom, skade eller dysfunksjon – dysleksi kan falle inn under dette.
 - Dei har ikkje gått i norsk grunnskole på 8. til 10.trinn, altså flytta til Noreg i løpet av 8.-10.trinn.
 - Dei har eller har hatt eit vedtak om særskild språkopplæring (GNO/SNO/FON) i løpet av 8. til 10. trinn.
- Søknad sendast til rektor.
- Skjema for søknad om fritak frå vurdering ligg [på heimesida](#) vår.

Klagerett

- Du kan ikkje klage på ein karakter fordi du er misfornøyd med karakteren, men du kan klaga på både eksamenskarakter og på standpunktkarakter dersom du meiner at reglane om fastsetting av karakteren ikkje er fulgt.
- [Informasjon om klageretten ligg på heimesida til skulen.](#)
- Terminkarakterane etter 1. termin er undervegsvurdering, og det er ikkje klagerett på desse.



Utdanningsval veke 39 (21.-25. sept.)


- Ingen vanleg skule den veka
- Elevane fordjupar seg i eitt utdanningsprogram
- Ulike utdanningsprogram har ulik plan
- Alle skal hospitere ein dag på vidaregåande skule, ikkje alle har same dagar
- Alle skal i arbeidspraksis tre eller fire dagar
- Enda mangler enkelte arbeidspraksisplass – nå hastar det – dei treng hjelp
- Elevane finn all info på [OneNote/utdanningsval](#)

Å søka vidaregåande skule

- Me legg inn søknad felles i utdanningsval-time i januar
- Fristen er 1. mars, så søknaden kan endrast fram til då
- Elevane søker vidaregåande skule på www.vigo.no.
Innlogging med BankID (evt. MinID). **Skaff det nå!**
- Rådgjevar hjelper elevane gjennom prosessen, inklusiv dei som skal ha med vedlegg
- Føresette må halde seg informert
- All viktig info finn ein på rådgjevarsida på Bryne ungdomsskule si heimeside



Strukturen i den vidaregåande opplæringa



Kor finne info?

- vilbli.no
- utdanning.no
- Rådgjevarsida på Bryne ungdomsskule si heimeside (der er òg kontaktinfo til rådgjevar Erling Knutzen)

Det blir eit eige foreldremøte i 6. januar om det å søka vgs. Info kjem.



Olweus

- BUS er ein Olweus-skule
- Opplæringslova §12-4 om det psykososiale miljøet. Skulen har aktivitetsplikt.
- Nulltoleranse for mobbing
- Klassemøte
- Treng hjelp av føresette



Samling i klassane

Notat til side 2

- Ungdommane dokkar er på veg mot vaksenlivet, og dei testar grenser, søker sjølvstendigheit og treng å finne sin eigen veg. Samtidig treng dei oss voksne – trygge, tilgjengelege og interesserte voksne for å bli robuste nok til å takle livets oppturar og nedturar. Dei treng at vi lyttar, stiller spørsmål og tåler motstand. At vi er der – også når dei ikkje ber om det.
- Forventningane til ein 10.klassing er høgare enn nokon år tidlegare i grunnskulen. Det er eit sluttpunkt med standpunktvurdering og eksamen, samtidig er det ein overgang til vgs, og dei er opptatt av kor høgt snitt dei må ha for å koma inn på det dei vil der dei vil. Elevane er veldig ulike når det kjem til å handtere stress. Nokre må senke krava til seg sjølv og ikkje fokusere så veldig på karakterar, mens andre godt kunne stressa litt meir og strekt seg litt ekstra. Dokke kjenner ungane dokkar best, og veit kva dei treng.
- Men ver ekstra obs når me kjem over i januar og februar og utover våren. Då innser dei at dei skal vidare til noko meir uttrygt, dei veit ikkje kor dei skal gå på skule eller kven dei skal gå saman med, dei får nye lærarar og nye fag, og nokre har nok høyrte om andre sine erfaringar med vgs. Sjølv dei som verkar trygge i seg sjølv og tilsynelatande har kontroll, kan ha større behov for trygging i denne perioden.

Notat til s. 3

- I forrige veke fulgte me med på begravelsen av ein konge som var ein svært klok mann. Han har hatt mange gode talar. I nyttårstalen i 2023 snakka han om ordet "vi". Det handler om fellesskapet. "Det er det motsatte av oss og dem. Det motsatte av å sette hverandre i bås." Samfunnet vårt har blitt veldig individfokusert, og vi tør ikkje blande oss inn i andre sine greier, og tek heller avstand når relasjonar blir krevande. Vi må gjere ein innsats for å styrke fellesskapet og sørge for at Bryne er ein trygg og god plass å veksa opp for alle.

Notat til s. 4

- Derfor meiner eg at det er så viktig at dokke deltek på Sterk og klar-møta. Eg håper dokke ser verdien av å delta på det siste møtet som handlar om nettopp overgangen til vgs og det å balansere foreldrerollen med at ungdommen skal bli meir sjølvstendig.

Notat til s. 5

- Alle elevar i grunnskulen skal som utgangspunkt opp i to eksamenar
- Skriftleg eksamen: matte, norsk eller engelsk
- Munnleg eller munnleg/praktisk eksamen: norsk, engelsk, språk, krle, samfunnsfag, arbeidslivsfag, matte, naturfag
- Trekk skriftleg eksamen: 13.mai
 - 19.mai: norsk hovudmål
 - 20.mai: norsk sidemål
 - 21.mai: matematikk
 - 24.mai: engelsk
- Munnleg eksamen blir truleg i veke 24
- Søknadar om permisjon i eksamensperioden blir ikkje innvilga. Unntak er begravelse og liknande.
- Er eleven sjuk på eksamensdagen, så er han sjuk. Då må skulen varslast så fort som muleg, og dokke må skaffe legeerklæring og levera den på skulen i løpet av dagen.

Notat til s. 6

- Elevar kan søka om utvida tid på skriftleg eksamen pga t.d kraftig pollen-allergi, diabetes og dersom eleven har dysleksi. Her blir det krevd legeerklæring, stadfesting på dysleksidiagnose eller sakkyndig vurdering frå PPT.
- Nytt dette året er at eksamen skal gjennomførast i ein sikker nettlesar. Men dei som nyttar LingDys som hjelpemiddel får ikkje tilgang til det der, og må difor søke om å få bruke det som tilrettelegging på eksamen. Dei får sjølv sagt søknaden innvilga, men det må foreligge eit vedtak for at det skal vere lovleg. Alle kan lytte til eksamensoppgåvene og låner headset av skulen.

Notat til s. 7

- Elevar som har fritak frå vurdering i fag, har også automatisk fritak frå eksamen i faget. Gjeld dei som har vedtak om individuelt tilrettelagt opplæring i det aktuelle faget og ikkje har måloppnåelse for sitt trinn. Søknad skal sendast til rektor. Dei det gjeld får beskjed av oss, eg veit ein del har søkt allereie.
- Fritak sidemål: Opplæringsforskrifta § 9-21: Elevar har rett til fritak frå vurdering med karakter i det skriftspråket dei har som sidemål, dersom eitt av desse vilkåra er oppfylt:
 - Dei har vanskar med å lære både bokmål og nynorsk på grunn av dokumentert sjukdom, skade eller dysfunksjon. - dysleksi er ein slik dysfunksjon.
 - Dei har ikkje gått i norsk grunnskole på 8. til 10. Trinn. - flytta til Noreg i løpet av 8.-10.trinn
 - Dei har eller har hatt særskild språkopplæring (GNO/SNO/FON) i løpet av 8. til 10. trinn. - krever at dei har hatt eit vedtak om dette i løpet av 8.-10.trinn.

Notat til s. 8

- Du kan ikkje klage på ein karakter fordi du er misfornøyd med karakteren, men du kan klaga på både eksamenskarakter og på standpunktkarakter dersom du meiner at reglane om fastsetting av karakteren ikkje er fulgt.
- T.d. at eleven ikkje har fått anledning til å vise kompetansen sin innafor alle hovudområda i læreplanen, eller at innsats eller oppførsel har danna grunnlag for karaktersettinga (kun lov i kroppsøving)
- Ein klage som skulen ikkje er enig i blir sendt til statsforvaltaren for behandling. Dei vurderer ikkje om eleven har fått rett karakter, men ser på om regelverket for vurdering er fulgt, og set ikkje ny karakter, det er det faglærar og rektor som gjer. Om ein så får medhold i klagen betyr ikkje det at ein får høgare karakter. Karakteren kan gå opp, bli ståande, eller kan til og med gå ned når me gjer ei ny vurdering av elevens samla kompetanse.
- Informasjon om klageretten ligg på heimesida til skulen.
- Terminkarakterane etter 1. termin er undervegsvurdering, og det er ikkje klagerett på desse.

Notat til s. 11

- Sjå film 4 min om vidaregåande skule på rådgjevar si side på heimesida til skulen